

# **SAKSPAPIR**

Saksnr	Utval	Type	Dato
106/15	Plan- og miljøutvalet	PS	23.06.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Christian H. Reinshol	14/1846

## **Klage på vedtak - dispensasjon for etablering av akvakulturanlegg på lokalitet Langøy**

### **Vedlegg:**

Klage på dispensasjonsvedtak om oppdrettsanlegg ved Langøy oppdrett tilbakemeld fra Eide fjordbruk Vedlegg 1 oppdrett bilde 1 Oppdrett bilde 2 oppdrett bilde 3 Klage på utlegging av oppdrettanlegg Vedtak dispensasjon, kommentarer til klager - Langøy - 30. april 2015 Vedlegg 1, Oppdrettsanlegg ved Langøy kommentar

## **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Plan- og miljøutvalet opprettheld sitt vedtak om å gi dispensasjon fra kommuneplanens arealdel i sjø, jf sak 030/15 i møte 04.03.2015. Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endelig avgjerd.

### **Plan- og miljøutvalet - 106/15**

#### **PM - behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **PM - vedtak:**

Plan- og miljøutvalet opprettheld sitt vedtak om å gi dispensasjon fra kommuneplanens arealdel i sjø, jf sak 030/15 i møte 04.03.2015. Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endelig avgjerd.

## **Saksopplysningar:** **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet

### **Bakgrunn**

Plan- og miljøutvalet gjorde i møte 04.03.2015, sak 030/15, vedtak om å gi dispensasjon frå kommunedelplan for Fensfjorden for etablering av nytt og utvida akvakulturanlegg ved lokasjon Langøy. Det er Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk AS som driv den aktuelle lokaliteten. Det har kome inn to klager til dispensasjonsvedtaket innan klagefristen. Tiltakshavarane har i tillegg kome med tilsvarende tilslag til klagene som har kome inn.

Arne Aven har klaga på vedtaket og viser innleiingsvis til at storleiken på utvidinga og reorganiseringa av anlegget normalt skulle vore handsama som ei endring av kommuneplanen med tilhøyrande konsekvensutgreiing. Aven grunngjer dette med ulike moment. Det vert peika på at influensområdet i høve søknaden er utvida, då spesielt ankerområdet. Dette gjer at influensområdet av tiltaket vert større.

Vidare peiker Aven på at Langøy med dei nære sjøområda er eit friluftsområde med særleg verdi i kommuneplanen som mellom anna har vore fast hekkeplass for havørn. Vidare vert det peika på at området vert brukt til friluftsliv som fiske, bading og strandliv om sumaren i tillegg til noko turgåing året rundt. Det vert i klagen vist til aktuelle område for aktivitetane. Aven peiker på at det korkje i søknaden eller i den kommunale sakshandsaminga kjem fram kva avvegingar og eventuelle tilpasningar søker har gjort for å ta i vare desse interessene. Det vert vidare vist til at det er misvisane informasjon knytt til kva avstand anlegget vil få til land og kva visuell verknad anlegget vil ha i høve dei mest attraktive og nytta strandområda på Langøy. Aven trekk også fram at negative verknader knytt til framføring av kraftline til anlegget for forsyning med landstraum ikkje er utgreidd.

Aven trekk vidare fram at det er uklart om anlegget kjem lenger vekk frå verneområdet Grønningen, då forflåten vil koma nærmare enn før og trafikk til og frå denne soleis også vil kome nærmare verneområdet etter flyttinga. Det vert vidare peika på at med dei utvidingane som er gjort på ankersystemet, vil desse få ein negativ verknad på tilhøva for fritidsfiske og uorganisert yrkesfiske.

Avslutningsvis viser Aven til at ei dispensasjon i denne saka vil føre til ein uklar plansituasjon rundt anlegget med tilhøyrande uro knytt til kva andre endringar som kan kome i nærmereala framover. Det vert vist til at ein tidlegare har hatt eit oversiktleg og ryddig forhold i høve verksemda ved Langøy, men at ein med dette vedtaket opprettar ei uklår sone der ein vil kunne få fleire dispensasjonssøknadar i framtida. Aven oppfordrar til å oppheve dispensasjonsvedtaket og at ein eventuelt bør prøve å få inn arealet gjennom ein ordinær kommuneplanprosess.

Per Gunnar Sundsbø har på vegne av seg sjølv og andre gjenbuarar ved Fonnebostsjøen klaga på vedtaket. Sundsbø har ved tidlegare høve informert om at det er gyteplass for kveite i området anlegget ligg, og har også sett spørsmålsteikn ved rømmingssikkerheita ved akvakulturanlegga, spesielt med omsyn til den siste rømmingsepisoden som skjedde i samband med stormen Nina. Sundsbø har også klaga på at båttrafikken til og frå anlegget er sjenerande.

Vidare har Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk AS kome med merknad knytt til klagene frå Aven og Sundsbø m.fl. Her set tiltakshavarane spørsmålsteikn for om klagene var kome inn til kommunen innan fristen og om klagarane har rettslig klagerett på vedtaket. Det vert også peika på at klagarane hadde moglegheit til å legge inn merknad då saka var på høyring. Vidare kommenterer tiltakshavar ulike tilhøve som vert trekt fram av Aven og Sundsbø m.fl.,

## **Vurdering**

Saka gjeld klager på dispensasjonsvedtak gjort i plan- og miljøutvalet 04.03.2015, sak 30/15. Klagarane har trekt fram moment i saka som ein meiner har verknad på vektinga om ein skal gi dispensasjon til tiltaka eller ikkje. Administrasjonen vil gå gjennom dei framsatte momenta under.

Når det gjeld tilhøvet til kommuneplanen, meiner administrasjonen at dette tilhøvet vart drøfta i høve det opphavlege vedtaket. Det er eit stort avvik frå ein relativt fersk kommuneplan det er søkt om og administrasjonen vurderte dette tilhøvet i samband med handsaminga av søknaden. Administrasjonen er einig med klagar om at tiltaket ideelt sett skulle vere handsama i samband med rullering av kommune(del)plan.

Når det gjeld tilhøvet til friluftsliv i området, meiner administrasjonen at dette tilhøvet i utgangspunktet er vurdert i samband med at ein la ut området til akvakultur i gjeldande kommunedelplan. Anlegget vil verte større og vil beslaglegge eit større areal enn det som var føresett i kommunedelplanen. Storleiken på anlegget vil ha ein verknad på friluftsopplevinga og vil legge nokre avgrensinger på mellom anna fiske i området, men administrasjonen meiner at dette er tilhøve som allereie er avklart i overordna plan gjennom at ein har sett av området til akvakultur, sjølv om omfanget no vert noko meir omfattande. Areal til eventuelle fortøyinger er også sett av i kommunedelplanen. Når det gjeld støy og tilhøvet til landstraum, meiner administrasjonen at endringa ikkje vil føre til vesentlege endringar i støysituasjonen frå anlegget grunna god avstand til nærmeste busetnad. Støy frå anlegget vil kunne auke som følgje av flytting av forflåte, men administrasjonen meiner dette er ei marginal auke og vil peika på at området er lagt ut til akvakultur i kommunedelplanen. I høve landstraum og eventuell tilknyting til dette, er dette tilhøve som vert styrt av konsesjonshavar BKK og kommunen vert konfererert med dersom tiltaka som skal gjerast fell utanfor område som er dekt av konsesjon og eventuelt kommunedelplan.

Når det gjeld tilhøvet til Grønningen og plassering av forflåte, meiner administrasjonen at klagar har rett i at plassering av forflåten ikkje vil ha ein positiv effekt i forhold til at denne kjem lenger vekk frå verneområdet. Administrasjonen vurderer likevel plasseringa til å vere marginal i høve eventuell negativ effekt på verneområdet.

Tilhøvet til eventuelle gyteplassar for fisk og tilhøvet til tidlegare drift i området av same aktør vart vurdert i samband med handsaminga av søknaden og administrasjonen har ikkje meir informasjon knytt til denne vurderinga. I klagan frå Sundsbø vert det også vist til fleire som er i mot utvidinga av akvakulturanlegget. Dette viser at det er lokal motstand mot utvidinga i området. Administrasjonen meiner at det kan vere ei føremon å avholde ei synfaring i området i samband med handsaminga av klagesaka, der gjenbuarar i området får høve til å uttale seg om saka.

Når det gjeld tiltakshavar sine merknader knytt til klagerett og om klager er komne inn innan fristen, har administrasjonen vurdert det til at desse er komne inn til rett tid og at klagarane

har klagerett.

Oppsummert meiner administrasjonen at det ikkje har kome inn avgjerande nye moment i sakar som vil tilseie at ein skal gjere om vedtaket plan- og miljøutvalet fatta i møte 04.03.2015. Dei ulike momenta som er vorte satt fram er anten drøfta i sakshandsaminga til møtet 04.03.2015 eller er drøfta i saksutgreiinga over.

.....